



De nasjonale forskningsetiske komiteene
Kongens gate 14
0153 OSLO

Dykkar referanse	Vår referanse	Vår sakshandsamar	Vår dato
	20/01192-3	Henriette Hafsaas, henriette.hafsaas@hivolda.no	01.12.2020

Høyringsvar frå Høgskulen i Volda om "Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora"

Høgskulen i Volda viser til høyringsbrev av 21.09.2020, og vi gir med dette innspel til revisjonen av dei forskningsetiske retningslinjene for samfunnsvitenskap og humaniora. Høyringsinnspellet kjem frå Forskningsadministrasjonen. Forskningsutvalet har vore orientert om at forslag til innspel kan rettast til Forskingssjef.

Vi synest dei nye retningslinjene er eit godt dokument som vil kunne nyttast både som arbeidsverktøy for institusjonane og til rettesnor for forskarar og studentar. Innspela er på detaljnivå og følger strukturen til høyringsnotatet.

Side 4 – Sidan yringsfridom er lovfesta er det ikkje naudsynt å inkludere dette i retningslinjene. Det som vert omtalt som «etisk mot» er uklart. Etisk mot kan også handle om å sette søkelys på etiske dilemma utan at det handlar direkte om akademisk fridom og/eller yringsfridom. Vi foreslår å stryke denne delen. Dersom «etisk mot» skal vere med, bør det ha eit anna innhald.

Side 6 – Ansvar til forskingsinstitusjonane om å sikre at forskinga ved institusjonane skjer i samsvar med forskningsetiske normer og ansvar for opplæring i dette kunne kanskje vore tydelegare framheva, sjølv om det er nedfelt i Forskingsetikkloven.

Side 11-12 – Vi saknar presiseringa frå dei gjeldande retningslinjene: «I humaniora og samfunnsvitenskap er det imidlertid vanlig å stille krav om at medforfattere faktisk har bidratt til å utarbeide og ferdigstille manuskriptet.» Ettersom det har vorte vanleg med artikkelbaserte avhandlingar der rettleiar ofte er medforfattar, kunne det vore klargjerande om retningslinjene også kom med anbefalingar på dette området. Det er nokre forskningsetiske gråsoner her som kunne vorte belyst (alternativ under pkt. 10 på side 15).

Side 15-16 – Dersom det vert utvikla eit tett forhold mellom rettleiar og student/stipendiat med dei nemnte eksempla, så bør retningslinjene vere klare på at rettleiingsforholdet må avsluttast. Det er ikkje forskningsetisk riktig at eit formelt rettleiingsforhold held fram under slike tilhøve.

Side 31 – Setninga «Forskere må sette hensynet til andre fundamentale verdier og allmenne menneskerettigheter foran hensynet til respekt og anerkjennelse av kulturelle forskjeller» er uklar. Det bør i alle fall spesifiserast kva desse fundamentale verdiane og allmenne menneskerettane er. Dette kan oppfattast som t.d. eurosentrisk eller at nokre fundamentale (religiøse?) verdier er riktigare enn andre.

Side 33-34 – Punkta 35 og 36 om uavhengigheit i undervisning og forskning er svært sentrale og burde kanskje også vore plassert meir sentralt i retningslinjene.

Side 34 – Ytringsfridom kan strykast under pkt. 36 ettersom det både er lovfesta og inkludert i akademisk fridom. Dette heng også saman med pkt. 48 der forskarar som deltar i samfunnsdebatten som forskarar må formidle vitskaplege resultat og ikkje personlege meiningar og liknande.

Med helsing
Forskingsadministrasjonen

Henriette Hafsaas
Forskingssjef

Kopi til: Leiinga v/Johann Roppen